

To rike og mektige kvinner med namn Ragna

Det er noko underleg at det i mellomalderen og samstundes, skulle leva to kvinner i indre Hardanger med same namn, baa rike og mektige, og som baa maae bota for illgjerning mot mennene sine. Sidan har det gaaet sju hundre aaer. Gjennom desse aaer har segner og soger vorte vevd omkring desse to kvinnene. Folk tok etterkvart til aa blanda dei saman, slik at ein opp mot vaar tid tok til aa tru at det dreia seg om ein og same person. Jamvel aettegranskarane var sterkt usamde.

I romanen "Rike-Ragna", som kom ut i 1917, er det Ragna Marteindotter pa Jaaestad som faar aera av aa vera kyrkjebyggjaren i Eidfjord. Forfattaren Lars Jaaestad bygde romanen pa dei soger og segner han hadde hoeyrt i sin barndom heime pa Jaaestad. Det var ein velskriven historisk roman som vart mykje lesen, men boka foerde snart til sterk usemje mellom aettegranskarane.

I aarsskriftet "Hardanger" i 1927 skreiv aettegranskaren Jon Haukanes ein artikkel om kong Haakon Haakonson si aett i Hardanger, om Sigurd Bonde pa Jaaestad og Sigrid, konungs frendkona. Artikkelen foerde til ei lang og kvass avisfeide i bladet "Hardanger." Fra desember i 1928 til ut i april i 1929 var det heile 9 avisinnlegg med Rike-Ragna som sentralt tema. Mest var det dei to aettegranskarane, Jon Haukanes og Aamund K. Bu, som foerde pennekrigen. Aamund K. Bu var saerdeles krass og kalla romanen ei ulukke, bygd pa falsk grunnlag. Forfattaren var da doed og fekk ikkje oppleva staaket rundt boka si. Jon Haukanes forsvara forfattaren, og hevda sterkt at det ikkje kunne vera meir enn ei Ragna pa den tid, som var baade rik og mektig og gjore udygd mot mannen sin.

Det er ikkje grunn her aa ga naerare inn pa denne avisfeiden, men det syner at det til tider har vore heite tak omkring dei to kvinnene. I dag veit me at dei baa har levd, Ragna Marteinsdotter pa Jaaestad og Ragna Asolvsdotter i Eidfjord.

Ragna Marteinsdotter

Om denne kvinna veit me ein god del. Baae aetta og hennar liv og lagnad kan dokumenterast gjennom fleire diplom. Aettegranskarane er noksaa sikre pa at far hennar var Marteinn Sigurdson og at besteforeldra var Sigurd Bonde pa Jaaestad og Sigrid kongsfrenke, dotter til Marteinn kongsfrende pa Huse i Kinsarvik. Dei vart baa gravlagde i Lyse kloster. Ragna vart gift med Torolv til Eidsaa fra Ryfylket. Han ma vera adelsmann sidan han er titulert riddar. Rimeleg er han komen til Jaaestad rundt 1290, for i 1993 er han ein av underskrivarane pa Bleiediplomet. Same aaet fekk Torolv og Ragna ein son som fekk namnet Marteinn Torolvson.

Torolv var ein sterkt religiøs mann og hadde naer kontakt med munkane i Opedal. Det enda med at han gjekk i kloster og vart munk pa Lyse. Dette var nok ikkje etter Ragna sin vilje. Etter folketradisjonen la Ragna seg ut med ein annan mann, ein av drengene sine. Dette foergjekk etterkvart saa openlyst at presten i Ullensvang og biskopen i Bergen maae gripa inn. Den 2. oktober i

1309 kom biskop Arne til Ullensvang og tok inn på prestegarden. Ragna vart kalla over fjorden til Ullensvang prestegard der ho vart sett under sterkt press. (Diplomatarium Norvegicum, b. 1, dok. 126.) Ho fekk påbod om å avleggja kyskheitsløfte innan jol for resten av livet. Men dette kom ikkje Ragna til å gjera.

Den 19. februar i 1310 vart Ragna ordra til å møte i bispegarden i Bergen. (DN. b.1, dok. 126.) Der hadde biskopen kalla saman ei ærverdig, mannleg forsamling: Biskopen sjølv, sju kannikar ved bispestolen, kongen sin fehirde i Bergen, ein baron og to munkar frå Lyse, den eine var ektemannen hennar. Men Ragna var både rådig og stridig, ikkje før etter ei innstendig bøn frå Torolv, gav ho etter. Ho lova då biskopen at ho etter beste evne skulle leva eit reint liv, busetja seg i Nonneseter kloster og sjølv betala for opphaldet. Ho skulle ikkje verta tvinga til å verta nonne, så lenge ho levde kysk og heiderleg.

Ragna kom attende til Jåstad og levde der også i sin alderdom. Den 20. april 1340 er ho i kapellet i Opedal saman med mange andre som hadde gjeve jordegods til Ullensvang kyrkje. (Diplomatarium Norvegicum. b. 12, brev 90.) Sonen Martein Torolvson vart gift med Sesilia Gautesdotter. (Bestemor hennar var dotter til kong Håkon Håkonson.) Dei slo seg ned på Tolga og ikkje på Jåstad, Men ættegranskarane meiner at Ragna og Torolv må ha hatt ein son eller dotter til, som arva Jåstad og budde der. Det mest handfaste ein har etter Ragna Marteinsdotter er "Rike-Ragna stova". Stova vart kjøpt av Hardanger folkehøgskule i 1925 og flytt frå Jåstad til Hordatun der ho står i dag.

Men på Sveinsbruket på Indre Jåstad står framleis eit hus som viser seg å vera like gamalt som stova til Ragna Marteinsdotter. Det er eit eldhus på ein låg grunnmur av naturstein, tømra med findalshogg. Huset har såleis den same særmerkte byggjemåten som Ragna si stova, ein laftemåte som berre vart bruka før svartedauden. Dei to husa stod i si tid vegg i vegg og det er rimeleg at det er Rike-Ragna si mosstove som framleis står på Jåstad. Eldhuset vart oppmålt og dokumentert av Arne Berg i 2004. Arne Berg er ein av dei fremste kjennarane av trebyggingar frå mellomalderen.

Ragna Asolvsdotter

Utanom gravsteinen veit me lite handfast om Ragna Asolvsdotter. Me har ingen mellomalderdokument (Diplom) som seier oss noko, men gravsteinen fortel oss ein god del. Ho var ikkje av adel, då hadde det stått "frue" framfor namnet hennar. Men etter folketradisjonen var ho rik og maktstor og åtte mykje jordegods. Ho budde på Sæ, åtte heile Simadal, det meste av Lægreid og visseleg der kyrkja vart oppført. Difor har ho fått tilnamnet Rike-Ragna, men og tilnamnet Idle-Ragna, fordi ho var så ilter av seg. Det har gått mange segner om Ragna, og det ser ut til at dei har endra seg ein del gjennom hundreåra.

Den første som skreiv ned segna om Rike-Ragna var botanikaren N. Blytt, som var i Simadal i 1822. Det heiter at langt attende i tida budde det ei kvinne

på Sæ i Simadal som dei kalla Rika-Ragna. Ho åtte gode korngardar og gode fjellbeite. Men ho vart og kalla Idle-Ragna fordi ho var ilsken og vond av lynne. Dette fekk særleg mannen merka. Ein dag skulle dei ro over til Hatlonastølen. Dei kom i trette, og Ragna som var den sterkaste av dei to, kasta han opp på eit skjer, der kunne han sitja til ho kom att. Men så rauk det opp til ein fælsleg storm. Mannen vart skola av skjeret og drukna. I mellomtida streva Ragna med å koma til lands på andre sida. I same stund kom den rettferdige straff over den syndige kvinna. Under uveret kom elvane i flaum, og elva tok den gilde stølen hennar og sopa han på sjøen med laust og fast. Seinare har elva vorte kalla *Smørblenda*. Ragna som greidde å løyna udåden sin, levde mange år etter denne hendinga. Men ho var ille plaga av samvitsgnag, skrifta udåden sin, bygde kyrkja til bot og døydde som god katolikk.

Så gjekk det 60 år til Th. S. Haukanes fekk segna fortalt i Simadal. Då var ho brigda mykje. Det heitte her og at Ragna budde på Sæ og var gift med ein dott til mann som var lite gjeven. Ein gong dei rodde til Bergen og var komne til Krossfjorden, sette ho han opp på skjeret Blia, der han kunne sitja til ho kom att. Men då ho nokre dagar seinare kom for å henta han, var han borte. Innover Simadalsfjorden møtte det henne eit skræmeleg syn: Smørholkane og mjølkekjeralda hennar kom rekande ut fjorden. Det synte seg at det hadde gått flaum, og at stølen hennar var rasa ut med alt ho der hadde. For å letta samvitet sitt bygde ho kyrkje i Eidfjord,

Då Halldor Opedal kom til Eidfjord for å samla folkeminne 60 år deretter, fekk han nye versjonar. Dette syner korleis ei segn kan endra seg gjennom åra. Ein kan ikkje dra faktiske opplysningar ut av ei segn, likevel må ein rekna med at det er ein kime av sanning. Det ein kan trekkja ut som rimeleg historisk rett er at Ragna har vore rik, hatt tilknytning til Sæ i Simadal og gjort ei udygd som har teke livet av mannen hennar. Etter dette måtte ho ha syndstilgjeving og bøta. Kanskje har ho butt på Lægreid etter at det hadde gått ein storflaum gjennom Simadal, slik det har hendt opp gjennom tidene. Det me veit sikkert er at ho bygde steinkyrkja i Eidfjord og fekk den mest ærefulle gravstaden i kyrkje, rett framfor alteret. Det er ein staseleg gravstein som har kosta ein god del pengar. Om ho var på pilegrimsferd til Santiago de Compostela, veit me ikkje. Rimeleg slapp ho den lange og slitsame ferda ved å byggja kyrkja og vigsla ho til apostelen Jakob. Ho må ha vore ei mektig kvinne som har styrt sitt jordiske gods med hard hand.

Kjelder:

Diplomatarium Norvegicum. Bind 1, brev 123 og 126. Bind 12, brev nr. 90.

Artiklar i årsskriftet "Hardanger": 1912, 1927, 1928, 1967, 1968.

Artiklar i bladet "Hardanger": I 1928 den 28/12. I 1929 den 19/1, 2/2, 13/2, 23/3, 10/4 og 17/4.